

# Fråsegn – søknad om løyve til å regulere Instebotnvatnet

Eg vil med dette legg inn protest mot at Sesskraft AS får tillating til å regulere Instebotnvatnet i Vestnes kommune.

Instebotnvatnet ligg langt til fjells, i eit område som har vore skjerma mot utbyggingar so langt. Nettopp difor er det eit kjært friluftsområde for meg og mange eg kjenner. Instebotnvatnet ligg øverst i eit vassdrag som også heng saman med tre andre vatn; Måsvatnet, Urvatnet og Trollvatnet. Eg har nytta området både til fising og turgåing. Dei omkringliggande fjella, Sessknubben, Auspespetind og Trolltind eignar seg godt for toppturar og tinderangling.

For meg er det området sin urørte kvalitet som gjer det verdifullt. Ein stor dam, sår etter «oppbelting» av gravemaskin, og master for å overføre signal til dammen vil øydelegge dette. Dersom utbygging vert tillat vil me miste areal i INON sone 1 og 2. Som alltid vil utbyggarar hevde at dette er snakk om eit lite areal, men det er akkurat på denne måten me mistar urørt areal i Noreg. Mellom 2008 og 2012 mista me nesten 900 km<sup>2</sup> inngrepsfritt areal, og hovudårsakane er vegbygging og kraftutbygging. Større områder utan tekniske inngrep er ein del av den norske naturarven, men det byrjar diverre å bli ein knapphetsressurs.

I tillegg til naturverdien som ligg i det urørte, har eg otte for korleis dette inngrepet vil påverke det biologiske mangfaldet i området. Når me har gått der har me fleire gonger møtt på Fjellvåk, ein fugl som nok også har valgt området på grunn av kor urørt det er. Fjellvåken som hekkar ikkje langt frå den planlagte demninga, som hevda i søknaden, men i sida til blåfjellet, rett vest for vatnet. Denne var sist gong observert for to år sidan av meg. Då gjekk eg opp sida frå instebotnvatnet til blåfjellet, og om lag halvvegs oppe kom den skrikande, sannsynlegvis fordi reiret var rett i nærleiken. Eg kjenner ikkje den nøyaktige hekkestaden, men det gjer so vidt eg kan forstå ikkje bioreg heller. Då går det ikkje an å skrive at den hekkar skjerma frå utbygginga.

Funna av sjeldne og trua moseartar, Snøotmose og Skovlemose, bør også vege tungt mot ei utbygging. Sjølv om dei registrerte funna ligg marginalt over planlagt reguleringszone, er det ingen grunn til å tru at dette er dei einaste eksemplara rundt vatnet. Det er høgt sannsyn for at populasjonen av begge artane vil verte påverka av at vasstanden vert endra både opp og ned.

Regulering av Instebotnvatnet vil ha innverknad på eit vassdrag som går frå fjell til fjord, berre for å kunne produsere kraft nok til 90 husstandar. Samtidig bygger ein ut starumforsyning til den nærliggande Sessetra og Daugstadsetra slik at vinninga går opp i spinninga. Dei positive verknadane av utbygginga er heilt minimale for samfunnet, og dei negative verknadane er store for oss som nyttar området. Eg håpar difor at NVE vil avslå denne søknaden.

Brit Karen Vike